

Platemelding i Spelemannsbladet nr. 2 / 1991

”Syngande strenger” (Heilo/Grappa HCD 7062)

*Arne M. Sølvberg, fele og hardingfele
Øyvind Lyslo, gitar*

Kassetten og CD-en ”Syngande strenger” med felespelaren Arne M. Sølvberg og gitaristen Øyvind Lyslo er ein fryd for øyra. Gjennom det eine kuttet etter det andre får ein oppleve briljant felespel med glitrande godt gitarakkompagnement. Og kor godt det er å sleppa allskens tekniske hjelpemiddel for å få til vellyd og markert rytme! Her det det den akustiske lyden som rår grunnen, og som fyller lyttaren med ro.

At Arne M. Sølvberg er ein gjennomført dyktig felespelar, veit vi frå før. Og han kjem verkeleg til sin rett og får brukt seg på denne produksjonen, og det anten han spelar vanleg fele eller hardingfele. Øyvind Lyslo er klassisk skolert gitarist, noko han nyttar til fulle for å få til eit særdeles spennande, smakfullt, godt og rytmisk akkompagnement.

Slåttevalet er godt og variert. Sølvberg viser seg som ein habil slåtteskapar, i tillegg til den velkjende ”Kongeslåttan” har han mange godtbitar. La oss til dømes nemne ”Kølahallingen”, som han laga til Landskappleiken i Trysil, og som han vann klasse A vanleg fele på.

Også Lyslo er representert som komponist. Tittelkuttet ”Syngande strenger” er ei perle. Apropos slåtteval, naturlegvis ”bryt” gitarsoloen ”Sommernatt ved fjorden” frå ”Leve Patagonia” av Ketil Bjørnstad på ein folkemusikkproduksjon. Men gjer nå det så mykje, når det er så himmelsk vakkert spelt - i tillegg til at det er ein sjeldan vakker melodi?

Produksjonen har utruleg god lyd. Henie-Onstad Kunstsenter på Høvikodden må vera godt eigna for opptak. Elles er det Tom Sætre i LydDesign som har ansvaret for det lydtekniske.

Det burde ikkje overraska nokon at dette forseggjorde kvalitetsproduktet var av dei nominerte til ”Spelemannsprisen”.

Trond Ole Haug